

Tenk at Gud bryr seg så mykje om oss at han snakkar til oss på vår eige språk, vi som er ei så lita stamme!

«Før vi fekk eit skriftspråk og nytestamentet trykt på vårt eige språk, så var eg flau over å fortelje at eg høyrd til denne folkegruppa, men no er eg stolt, og eg kan snakke med Gud på mitt eige språk,» ung kvinne


«Då eg las i Bibelen på eit framandt språk, kunne ikkje borna mine forstå noko av det, sjølv om eg prøvde å oversette. Men no les dei sjølve, og forstår det dei les,» ei mor

«Då eg fekk eit nytestamente på mitt eige språk, las eg dag og natt, så til og med kona mi vart irritert over at eg las så mykje,» familiefar

«Då eg tidlegare las bibelen på eit framandt språk, tala den aldri til meg. Når eg no les det nye testamentet på mitt eige språk, så kan eg forstå det eg les, og eg opplever på ein heilt annan måte at det talar til meg,» ung mann

Dette er berre nokre av mange takknemlege tilbakemeldingar frå folket i Sakache-p-stammen, som etter 2000 år endeleg har fått Guds ord på sitt eige språk. Og Gud bryr seg verkeleg så mykje om kvart einaste menneske, at Han vil gje dei sitt ord. Like over årsskiftet ventar vi endå 10 nye språk som vil verte klar for trykking. Totalt i 2019 skal nytestamentet trykkast på 20 nye språk. Eit nytestamente kjem på mellom 15-20 kr alt etter oppdraget.

Vil du vere med på å gje fleire stammer og tungemål tilgang til Guds ord?



Etterspørselen etter arabiske biblar er umetteleg

Mange muslimar kjem til tru i Midt-Østen, og behovet for biblar og nytestamente aukar. Vi har i fleire år trykt arabiske biblar som har blitt sendt til dette området. Ein misjonsorganisasjon planlegg å trykke 120 000 arabiske biblar og 45 000 nytestamenter i 2019, men behovet er mykje større og dei spør oss i Litteraturmisjonen om vi kan skaffe midlar til å utvide desse oppplaga. Etterspørselen verkar umettelig, og dei har eit godt distribusjonsnett.

Du har no ein unik sjanse til å nå være med på å nå den arabiske verda med Guds ord.

Daniel Kort, Prosjekt-koordinator ved bibeltrykkeriet:

«Det er første gang i løpet av mine 10 år i New Life Literature at vi må avvise ordrer fordi vi ikkje har kapasitet. Dette kan vi ikkje slå oss til ro med. Behova er større enn nokon gong tidlegare, og vi ber no om midlar til å kjøpe nyare maskiner som er raskare og betre.»

To av dei største misjonane vi samarbeider med reknar med å ha behov for dobbelt så mange biblar i løpet av dei to neste åra. Vår kapasitet er alt sprengt, og vi ber om ny presse. Det vil koste om lag 2 millionar kroner. **Ein ven av misjonen har lova å matche kvar krone som kjem inn.** Vil du vere med på å auke kapasiteten ved bibeltrykkeriet på Sri Lanka? Merk gåva med «Ny presse».

Heile folkegrupper som har venta i 2000 år, og tidlegare muslimar som nettopp har møtt Jesus som sin frelsar og Herre, begge ventar og lengtar etter Guds ord på sitt eige språk.

Takk for di gāve som er med på å gje dei Guds ord.

Gud velsigne deg!

Venleg helsing oss i Litteraturmisjonen

*Arnfinn Holten, Jan Erik Lehre, Harald Thomas Endresen,
Reidar Skaiaa, Linda Askeland, Roar Haldorsen Strat,
Henning Myckland, Arvid Stenbråten, Gunnar Thorstensen,
Tore Svendsen, Torgeir Henden og Gunnar Andås*

Deretter såg eg ein flokk så stor at ingen kunne telja han, av alle folkeslag og ætter, av alle folk og tungemål. Dei stod framfor kongsstolen og Lammet, kledde i kvite klede og med palmegreiner i hendene. Og dei ropa med høg røyst:
Sigeren tilhører vår Gud, han som sit på kongsstolen, og Lammet.
(Joh. Åp. 7. 9-10)



Ein kan få skattefrådrag på gāver for inntil 40 000 kr i året på gāver til Litteraturmisjonen

Kvittering				
Innbetalt til konto eller Vipps 511786	Betlop	Betalerens kontonummer	Blankettnummer	
			6290843403	
Betalingsinformasjon				
Mi gāve til biblar/NT på minoritetsspråk	<input type="checkbox"/>	GIRO	Betalings- frist	<input type="checkbox"/>
Mi gāve til arabiske biblar/NT	<input type="checkbox"/>	Underskrift ved girering	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Mi gāve til ny presse	<input type="checkbox"/>	<hr/>		
Betalt av	<input type="checkbox"/>	Betalt til	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
		Litteraturmisjonen Postboks 3050 3511 Hønefoss		
Belast konto				
Kvittering tilbake				
Kundeidentifikasjon (KID)	Kroner	Øre	Til konto	Blankettnummer
H		< >	3991.04.29047	<6290843403>